

INFORMASJONSBROSJYRE 2024/2025



GODØY

Preg barnehager Godøy har tre utvida avdelingar, og er godkjent for barn i alderen 0-6 år

Avdelinga **Lesten**: 0-2 års avdeling

Avdelingane **Sandvika og Storhornet** 2-6 års avdelingar

Norsk Luthersk Misjonssamband eig og driv barnehagen gjennom Preg barnehager

Preg barnehager Godøy bygger på kristen verkelegheitsforståelse/verdisyn (sjå Verdiplattforma på barnehagen si heimeside)

Preg barnehager Godøy er medlem av private barnehagers landsforbund (PBL)

Barnehagen tilbyr 100% plass

Dersom det er mogeleg anbefalar vi at barnet får ein fridag eller kortare dagar innimellom.

Det er travle dagar i barnehagen

Kva brukarane kan forvente av oss:

Miljøet i barnehagen skal vere prega av respekt og toleranse for kvarandre, både barn/barn, barn/vaksen og vaksen/vaksen

I Preg barnehager Godøy blir det formidla bibelforteljingar for barn. Det gjer vi ved at vi har ei samling m/bibelhistorie ein gong i veka

Preg barnehager Godøy vil ha eit lærande, kreativt og humørfyllt kvardagsliv

Preg barnehager Godøy skal i nær forståing med heimen vere med å støtte foreldra i å oppdra barnet

Preg barnehager Godøy driv i tråd med gjeldande lovar og reglar

Preg barnehager Godøy vil arbeide systematisk med kvalitetssikring og utvikling



Til dykk som har barn som skal starte i barnehagen for første gong: Livet er steg for steg. No tek dykk eit nytt steg—barnet skal inn i ein kvardag i lag med andre barn i ei stor barnegruppe. Kanskje eit stort steg for Dykk som foreldre også, på grunn av at no blir det andre vaksne som skal ta ansvar, og ha omsorg for barnet ein stor del av dagen. Bemanning: Vi følgjer statleg bemanningsnorm.

Preg barnehager Godøy har ulike former for foreldresamarbeid, (sjå side 7 i informasjonsbrosjyra)

Den daglege kontakten ved bringing og henting er den viktigaste forma for foreldresamarbeid

Vi i barnehagen dokumenterer kva vi gjer (sjå s. 6 under informasjon/dokumentasjon)

Preg barnehager Godøy vil så langt råd er, dekkje brukarane sine behov

Dugnad:

Alle foreldre skal delta på dugnad 4 timar pr. år:

2 timar om hausten og to timar om våren, eller 4 timar haust/vår (jmfr. vedtektene).

Barnehageåret 2024/2025 er frå 15.08.2024 til 14.08. 2025

Det er 4 planleggingsdagar/studiedagar barnehageåret 24/25, då er barnehagen stengt.

Desse dagane er personalet på kurs, eller det er planleggingsdag i barnehagen.

Ein av studiedagane er ein kursdag arrangert av eigar.

Barnehageåret 2024/2025 blir det planleggingsdag/studiedag desse dagane:

04.10.24, 31.03.25, 30.05.25, 14.08.25

Ferie:

På grunn av blant anna økonomien til barnehagen blir barnehagen stengt 3 veker om sommaren, i tillegg til romjula og påskeveka.

Sommaren 2025 blir barnehagen stengt desse vekene: **28, 29 og 30**

Barna må ta ut 4 veker i løpet av eit barnehageår. Romjula og påskeveka kan reknast som den fjerde ferieveka.

Foreldra må gi gj beskjed dersom barnet skal vere/ikkje skal vere i barnehagen i haust- (veke 41, 2024) og vinterferien (veke 8, 2025). Send melding i chatten i Kidplan om dette.

Det er viktig å gi beskjed når barna skal ha fri, for då kan vi spare på vikarar når det er færre barn, og det vil kome barna til gode når alle barna er i barnehagen.

Barnehagen si opningstid: 07:00-16:30

Kjernetida: 09:15-14:00

Dersom barnet av ulike grunnar kjem seinare enn 09:15, må vi få beskjed.

Sjukdom:

Barn som er sjuke må haldast heime på grunn av smittefaren.

Viser til skrivet: [Retningslinjer for sjuke barn i barnehagen.](#)

Vi må få beskjed så snart som mogeleg dersom barnet ikkje kjem i barnehagen, som for eksempel på grunn av sjukdom.

Barna må følge det daglege opplegget dersom det skal vere i Barnehagen

Bursdagsinvitasjon:

Ta kontakt med nokon i personalet dersom du ynskjer å dele ut bursdagsinvitasjonar i barnehagen

Bursdagsinvitasjonar kan hengast opp i avdelinga dersom alle som er født same året blir invitert, eller at alle gutane/jentene som er født same året er invitert.

Elles kan ikkje invitasjonane hengast opp i barnehagen.

Måltid:

Barna må ta med matpakke til frukost.

Barna får servert lunsj og ettermiddagsmat.

Ca. ein dag i veka er det varmlunsj.

Ettermiddagsmåltidet består av: Grove knekkebrød/skive, frukt/grønsaker. Yoghurt med havregryn ein gong pr. veke. Barna får mjølk/vatn til måltida.

Kostpengar:

Kostpengane utgjjer kr. 380,- pr. mnd.

Kostpengane dekkjer: Lunsj, ettermiddagsmat, drikke til alle måltida + baking og turutgifter.

Kostpengane blir betalt saman med foreldrebetalinga

Foreldrebetaling:

Barnehagen fylgjer dei kommunale satsane, og det skal betalast for 11 mnd. i året.

2. halvdel av juli og 1. halvdel av august er betalingsfri.

Heimar med låg inntekt kan søkje om redusert foreldrebetaling. Sjå Giske kommune si heimeside—[Foreldrebetaling og moderasjonsordningar](#).

-

Klede/utstyr:

Klær, fottøy og personlege eigendelar **skal** vere merka med rett namn.

Barna må ha fottøy/klede til å bruke ute, som er egna for årstida. NB! Ikkje skjerf!

Gjennom heile året må barna ha liggjande ein tjukk genser/jakke (veret skiftar ofte!)

Dei må ha eit ekstra klesskift (truse, t-skjorte, genser, lestar, strømpebukse/stillongs, ullsett, bukse, parkdress). Unngå klær med snor. Foreldra har ansvaret for å ta med heim klede, regntøy, vottar og fottøy som er våte, for å tørke dei. Barn som brukar bleie: Barnehagen tilbyr bleieavtale.

Dei som ikkje ynskjer å benytte seg av det, må ta med bleiar (av praktiske årsakar ynskjer vi ikkje trusebleiar) + salve for sår stump.

Barna som søv må ha: Vogn m/seler, dyne (eller pose), myggnetting og regntrekk. Dersom barna ikkje har det dei treng av utstyr må vi ringe foreldra, og dei må kome med det som manglar.

Ansvar:

Personalet har ansvar for barna den tida dei er i barnehagen

Foreldra er ansvarleg for bringing og henting av barna

Foreldra har ansvar for barnet inntil personalet har tatt over ansvaret.

Dersom det er andre enn foreldre som leverer barnet må foreldra informere dei at barnet må leverast til personalet før dei går.

Avskjed:

Når du skal gå, fortel det **alltid** til barnet. Gå når du har sagt at du skal gjere det. Viser du usikkerheit vert barnet også usikker, og det kan opplevast vanskeleg for barnet. Gi alltid barnet til personalet, slik at ikkje barnet opplever at vi tek dei.

Det er naturleg at barnet kan gråte når du går. Erfaringsmessig veit vi at for dei fleste går det fort over. Husk at personalet er der for barnet. Dei trøstar og tryggar barnet på at mamma/pappa kjem seinare, men no skal vi vere saman i barnehagen. Send melding i chatten i Kidplan, eller ring for å spørje korleis det går med barnet, dersom du lurar på korleis barnet har det.

Henting:

Ved oppstart av nytt barnehageår får alle føresette skjemaet opplysningar om barn og foreldre som skal fyllast ut og reviderast. Saman med dette skjemaet er det også eit avtaleskjema for henting av barn.

Dersom det ikkje er levert avtaleskjema for henting, send melding i chatten i Kidplan om det er andre enn foreldra som skal hente barnet i barnehagen. Blir ikkje dette gjort, vil vi ikkje levere frå oss barnet.

Hugs alltid å gje beskjed til personalet når du hentar barnet ditt.

Informasjon/dokumentasjon:

Denne informasjonsbrosjyra ved barnehagestart

Årsplan når nytt barnehageår startar

Månadsbrev/månadsplan

Dagsrapport/diverse bildedokumentasjon

Informasjon på heimesida

Beskjedar via melding i Kidplan/info på tavla

Foreldresamarbeid:

Det blir kalla inn til 1-2 foreldremøte pr. år.

Alle foreldre skal delta på minst ein foreldresamtale i løpet av barnehageåret.

Foreldra til dei nye barna får tilbod om oppstartsamtale.

Foreldra til førskulebarna blir kalla inn til foreldresamtale om våren, dei andre om hausten.

Alle foreldra kan i tillegg be om ein foreldresamtale til i løpet av barnehageåret

Foreldra blir invitert til: Hausttakkefest/foreldrekaffi, Lucia-feiring, påskefrukost. Sommarfest er foreldra til førskulebarna med på å arrangere.

Samarbeidsutvalet (SU):

Det er eit organ som foreldra kan bruke til å medvirke på barnehagen si drift og innhald.

Samarbeidsutvalet er samansett slik:

Ein representant frå barnehagestyret

To representantar frå foreldra

To representantar frå ansatte

Dagleg leiar er med som sekretær for SU

Andre samarbeidspartnarar barnehagen har:

Barnehagestyret til Preg Godøy/Preg Ulsteinvik

Norsk Luthersk Misjonssamband/Preg barnehager

Giske kommune

PPT

Godøy skule

Barnevernet

Helsestasjonen

VELKOMEN TIL PREG BARNEHAGER GODØY!

Preg barnehager Godøy AS

Adr.: Sandmyrvegen 2, 6055 Godøya

Tlf.: 48951404

Storhornet: 47782113/99073915

Sandvika: 47782117/99073896

Lesten: 47462810/47782122

E-post: godoy@pregbarnehager.no

Heimeside: godoy.barnehage.no

Sammen om å sette verdifulle spor